

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

SAK 27/25
REGULERING AV FISKET ETTER LODDE I VED ISLAND, GRØNLAND OG JAN
MAYEN
INNSPEL FRÅ PELAGISK FORENING

Som kjent var det ikkje direktefiske etter lodde i ved Island i 2025. Dette pga. bestandsistuasjonen. Per i dag er det eit mellombels kvoteråd på ca. 46 000 tonn.

Noreg sin tilgang til å fiske lodda IØS består av fleire avtalar, og per 15.10. er fullstendig avtale ikkje signert.

Dersom det blir opna for direktefiske etter lodde i 2026 ønsker Pelagisk Forening at tidlegare års regulering blir vidareført.

Dersom eventuelle kvotar blir låge bør reguleringa opna for kvotebytteavtalar slik som tidlegare år. Enten lodda i IØS mot lodda i Barentshavet, eller lodda i IØS mot sild i Nordsjøen. Dette som tidlegare år.

Pelagisk Forening ber om at det blir opna for forskingstok ved Jan Mayen, og det blir satt av tilstrekkeleg kvantum til forskingskvote, slik at fleire båtar kan gå til Jan Mayen.

Generelt meiner Pelagisk Forening at for fiske der det er ikkje er flexordning skal fiske over 100 % føra til kvotetrekk på fartøynivå, og ikkje på gruppenivå. Dette vil redusera fiske ut-over eigen kvote.

Bergen: 15.10.25.

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar